



Vegdekket på FV 48 mellom Uskedalen og Herøysundet er i dårleg stand. Vegstrekninga er ikkje på prioritert liste for asfaltering.

**Atle Hauge skriv til Statens Vegvesen og spør kor Fylkesveg 48, Uskedalen - Raudstein står på planen for asfaltering. Han er bekymra over tilstanden for vegdekket på denne strekninga. Atle Hauge spør om vegstrekninga er på plan for asfaltering eller om ein kan rekna med at det vil skje med det fyrste. Hauge vil også ha fortgang i arbeidet med gang- og sykkelveg mellom Uskedalen og Herøysundet. I svaret til Atle Hauge kjem dette fram.**

*Denne strekninga er ikkje med på asfalt/dekkeleggingsprogrammet for 2019.*

*Det årlege asfalt/dekkeleggingsprogrammet blir utarbeidd på eit fagleg grunnlag og ut frå objektive kriterium. Vi tar likevel med oss innspelet for strekninga Fv 48 Uskedalen – Raustein (Herøysund).*

*Diverre er det eit vedlikehaldsetterslep på fylkesvegane, og såleis er det mange vegar/strekningar som har for dårleg dekke.*

*Det pågår reguleringsplanarbeid for Herøysund i 2019, og gang- og sykkelvegen er planlagt ferdigstilt i 2021.*

Store deler av vegen er i dårleg stand. Det er spor i køyrebanen der det legg seg vatn, som igjen er ein fare for vassplaning. Mange plassar er asfalten sprukken opp og det er danna groper. Det er setningar i vegbanen der ein har kryssa vegen med kablar og vassledningar.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal.